



Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Utviklinga i kommuneøkonomien



Møre og Romsdal 2025

Innhald

Samandrag	3
1. Innleiing	4
2. Utfordringsbilde og rammeverk.....	7
2.1 Utfordringsbilde	7
2.2 Rammeverk	11
3. Definisjonar	15
4. Driftsrekneskap	17
5. Netto driftsresultat	22
6. Disposisjonsfond	26
7. Kommunane si gjeld.....	28
7.1 Netto lånegjeld	29
7.2 Renteeksponert gjeld	31
7.3 Norges Bank - styringsrente	35
7.4 Avdrag.....	36
8. Likvide midlar.....	37
9. Eigedomsskatt.....	38
10. Havbruksfondet.....	40
11. KOSTRA.....	41
12. Skjønnstilskot.....	46
13. ROBEK.....	51
13.1 Innmelding i ROBEK	53
13.2 Kriteria for registrering på ROBEK	53
13.3 Tiltaksplan.....	55
13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak.....	55
14. Klimabudsjett – klimarekneskap	56
15. Eigarstyring - eigarskapsmelding	57
Kjelder	59
Tabellar	60
Figurar	60

Samandrag

Kommunane står framleis overfor auka utfordringar knytt til demografi, klimaendringar og mangel på kompetanse og arbeidskraft. Desse utviklingstrekk får direkte konsekvensar for tenestetilbodet og økonomien i kvar enkelt kommune, og vil krevje tydelege prioriteringar og omstilling i åra som kjem.

Samla sett er kommuneøkonomien i Noreg framleis vurdert som god, men skilnadene mellom kommunane aukar. Dette gjeld både økonomiske føresetnader og oppnådde resultat. I Møre og Romsdal har kommunane gjennom fleire år hatt høgare gjeld, lågare disposisjonsfond og svakare driftsresultat enn landssnittet. Dette gjer økonomien meir sårbar for endringar i rente, skatteinngang og prisvekst. Fylket har no seks kommunar i ROBEK, og fleire kan komme til.

Kommunalt sjølvstyre

Det overordna prinsippet om kommunalt sjølvstyre er forankra i Grunnlova og kommunelova. Kommunane skal tilby likeverdige tenester til innbyggjarane, trass store forskjellar i føresetnader og økonomi. Kommunestyret gjer prioriteringar på vegner av innbyggjarane. Kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett gir rammene for korleis kommunedirektøren skal følgje opp vedtaka. Det er krevjande, men heilt nødvendig, å sikre god samanheng mellom plan og økonomi.

Kommuneøkonomien i 2025

I 2025 har mange kommunar svake driftsmargar. Dei fleste kommunane går med låge eller negative netto driftsresultat. Dette har vedvart over år. Det gjer at deira økonomiske handlefridom er redusert. Talet på kommunar i ROBEK har auka samanlikna med tidlegare år, noko som understrekar alvoret i situasjonen.

Disposisjonsfonda i kommunesektoren er reduserte etter fleire år med bruk for å finansiere drift. Samtidig er gjeldsnivået høgt, sjølv om veksten har flata ut noko. Dette avgrensar moglegheita for å handtere uventa kostnadsaukar og inntektssvikt.

For mange kommunar er handlingsrommet no avgrensa. Det gjer at behovet for omstilling, prioritering og betre økonomistyring er stort. Å sikre ein berekraftig økonomi vil krevje tiltak både på kort og lang sikt.

Molde, 1. juli 2026

1. Innleiing

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal gir kvart år ut denne rapporten som viser hovudtrekk i kommuneøkonomien i fylket. Rapporten er aktuell for politikarar, leiarar og tilsette i kommunane, forvaltningsorgan på fylkes- og regionalt nivå og andre som har interesse for kommuneøkonomi.

Statistikk er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå (SSB) gjennom kommunanes eigen rapportering av KOSTRA-tal (Kommune-Stat-Rapportering). Medio juni kvart år publiserer SSB endelege rekneskapstal frå kommunane for året før.

Gjennom KOSTRA-tala kan vi samanlikne informasjon om kommunale tenester og bruk av ressursar på ulike tenesteområde. Dette gir relevant informasjon til avgjerdstakarar og andre, både nasjonalt og lokalt. Informasjonen skal tene som grunnlag for analyse, planlegging og styring, samt gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål vert nådd. Informasjonen skal også bidra til å gjere det mogleg å forbetre tenestene i kommunesektoren. KOSTRA-tala gir eit grunnlag for å vurdere prioriteringar, dekningsgrad og produktivitet mellom kommunar og over tid. Ulik prioritering, kvalitet på tenestene, struktur og behov i befolkninga er faktorar som vil påverke nøkkeltala.

Figurar og tabellar er basert på tal frå SSB dersom ikkje anna kjelde er opplyst. Rekneskapstal som blir nytta er hovudsakleg konserntal. Det vil seie rekneskapstal for heile kommunen, inkludert kommunale føretak, interkommunale samarbeid og interkommunale selskap. Ved å bruke konserntal, eliminerer vi storparten av forskjellane i tala som skuldast ulik organisering av kommunal tenesteproduksjon. For ei meir inngåande oversikt over økonomien i den einskilde kommune, viser vi til kommunens eigen rekneskap/årsmelding og statistikk frå SSB.


Kommunane sitt samfunnsoppdrag kan samanfattast i fire roller:

- Myndigheitsutøvar
- Samfunnsutviklar
- Lokaldemokratisk aktør
- Tenesteleverandør

Samfunnsoppdraget bør verte gjennomført i tråd med gode planer. Den økonomiske ramma må fordelast på ein slik måte at tenestene til innbyggjarane blir gitt i samsvar med dei lovkrava som gjeld.

I [kommunebrevet 2026](#) formidlar Statsforvaltaren statens forventingar til kommunane i år. FNs berekraftsmål er framleis det politiske hovudsporet i arbeidet med vår tids største nasjonale og globale utfordringar. Oppdraget til kommunane blir å gi innhald til berekraftsmåla i eigen politikk gjennom god samfunns- og arealplanlegging. Kartlegginga av lokal berekraft som vart gjort i 2020 og 2021 gjennom prosjektet Berekraftsfylket Møre og Romsdal (KPI-kartlegginga) er til god hjelp for kommunane i dette arbeidet. Dei lokale KPI-rapportane inngår som eit viktig kunnskapsgrunnlag i arbeidet med mål, strategiar og tiltak i den kommunale planlegginga.

I denne rapporten vil vi skissere utfordringane som kommunane står i, orientere om sentrale reglar, minne om viktige oppgåver og dele sentrale økonomiske tal i utviklinga i kommuneøkonomien dei siste åra.



Figur 1 - Illustrasjon av FN's tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål

2. Utfordringsbilde og rammeverk

Det er mange faktorar som påverkar kommunane sin kvardag. Krig og økonomiske konjunkturar verkar direkte inn i dei kommunale prioriteringane. Prisveksten har over fleire år vore høgare enn inflasjonsmålet på to prosent. Styringsrenta har dei siste par åra vore rundt fire prosent. Forventinga er framleis at renta vert betydeleg høgare enn den har vore det siste tiåret. Stortinget har vedteke nytt inntektssystem for kommunane. Dette fekk effekt frå 2025, med overgangsordningar av ulik varigheit.

Framleis har Norge låg arbeidsløyse og det er mangel på arbeidskraft innanfor mange av områda kommunane etterspør. Det kan vere svært krevjande for kommunar å få rekruttert rett kompetanse. Omfanget av bruk av vikarbyrå er veksande, og kommunar kjempar om den same arbeidskrafta. Arbeidsløysa er framleis klårt høgare blant dei med låg utdanning, noko som er problematisk både med tanke på arbeidsinntekt og det fellesskapet ein arbeidsplass kan gi. For kommunane som arbeidsgivar ligg det ei moglegheit i å omsette dette til ressursar dei manglar.

2.1 Utfordringsbilde

Beredskap

I ei tid der verda er prega av krig, klima- og naturkrise og digitale truslar, er det avgjerande at også lokalsamfunn er godt førebudde. Totalberedskap omfattar beredskap i møte med overraskande og uventa hendingar – sivilt, militært, naturgitt eller menneskeskapt. I dette arbeidet har kommunar, næringsliv, frivilligheita og kvar enkelt innbyggjar ei rolle, og kommunane er grunnmuren. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er bindeledd mellom statlege og lokale myndigheiter. Kommunane har ansvar for å planleggje for scenario som til dømes naturkatastrofar, atomulukker og cyberangrep. Kommunane må i større grad planleggje i ein sikkerheitspolitisk kontekst, der samansette truslar – som kombinerer digitale, økonomiske, informasjonsmessige og militære verkemiddel – er ein del av risikobiletet. Det er ei tydeleg nasjonal anbefaling om at kommunane skal ha eige beredskapsråd. Det er krav om oppdaterte kriseplanar og at det blir gjennomført øvingar. Desse bør involvere heile den kommunale kriseleiinga og alle samvirkeaktørar som er viktig i ein situasjon i det høge krisespekteret.

Totalforsvaret er nasjonalt, regionalt og lokalt innretta. Vi må heile tida jobbe for robuste lokalsamfunn med motstandskraft til å stå imot kriser og krig. I Møre og Romsdal ser vi

viktigheita av å bygge det store laget, som totalforsvaret er, og fokusere på at når alle bidrar- står vi sterkare saman. For, tryggleik er eit felles ansvar.

Folketalsutvikling og demografi


Kommunane i Møre og Romsdal er i ferd med å omstille seg i takt med demografiutviklinga, men det går sakte. Vi ser framleis at den aldersmessige samansetjinga endrar seg raskare enn kommunane evnar å omstille seg. For dei aller fleste kommunane aukar snittalderen samtidig som talet på fødselar går ned. For fylket sett under eitt ser ein at dreininga av frå ressursar frå oppvekstsektoren mot helse og omsorg knapt har starta.

Tabell 1 – Folketal per kommune i Møre og Romsdal og endring 2020-2026

Kommune	2020	2026	Endring
Kristiansund	24 179	24 479	300
Molde	31 967	33 291	1 324
Ålesund*	66 258	59 663	-6 595
Vanylven	3 117	3 029	-88
Sande	2 461	2 437	-24
Herøy	8 900	9 003	103
Ulstein	8 571	8 958	387
Hareid	5 175	5 411	236
Ørsta	10 825	11 068	243
Stranda	4 523	4 333	-190
Sykkylven	7 625	7 626	1
Sula	9 310	9 798	488
Giske	8 462	8 828	366
Vestnes	6 532	7 315	783
Rauma	7 468	7 195	-273
Aukra	3 509	3 780	271
Averøy	5 788	6 007	219
Gjemnes	2 629	2 740	111
Tingvoll	3 025	3 066	41
Sunndal	7 036	7 094	58
Surnadal	5 920	5 982	62
Smøla	2 150	2 141	-9
Aure	3 507	3 371	-136
Volda	10 473	11 009	536
Fjord	2 549	2 547	-2
Hustadvika	13 279	13 538	259
Haram*	-	9 460	-
Møre og Romsdal	272 413	273 169	756

*Haram kommune gikk ut av Ålesund kommune frå 1. januar 2024.

Aldersbæreevne viser forholdet mellom den yrkesaktive befolkninga og den eldre delen av befolkninga. Aldersbæreevne vert definert som tal på innbyggjarar i alderen 16-66 år samanlikna med 67 år og oppover. Allereie no ser vi at det er store skilnader mellom kommunane. Berre to kommunar i fylket har aldersbæreevne over landssnittet. For kommunane med lågast aldersbæreevne hastar det verkeleg med omstilling for å møte dei demografiske endringane som kjem.



Figur 2 – Aldersbæreevne per kommune i Møre og Romsdal ved inngangen til 2026 (kjeldetabell 07459)

Kommunane i Møre og Romsdal har til no i år busett totalt 382 flyktningar (tal per 1. juni 2026). Året før vart det busett 478 flyktningar. I år har Møre og Romsdal blitt beden om å busetje 1 030. Det var per juni vedtak om å busetje 985 flyktningar totalt for 2026 i Møre og Romsdal.

Rekruttering av kvalifiserte medarbeidarar

Det har over fleire år vore ei utfordring å rekruttere kvalifiserte medarbeidarar for mange kommunar. Det er grunn til å tru at dette vil vere ei utfordring i lang tid framover og at det vil tvinge fram endringar i tenestene. Dette ser ein mellom anna innan pleie og omsorg, der svært mange av kommunane allereie no opplever at det er utfordrande å få rekruttert både nok og rett kompetanse.

Fattigdom

SSB har kommune- og fylkesvise oversikter over barn som lever i hushald med vedvarande låginntekt. I perioden 2022–2024 levde 4 100 barn i Møre og Romsdal i hushald med vedvarande låginntekt. Dette utgjør 8,5 prosent av barna i fylket. Dette er ein auke på 300 barn frå førre år. Merk at statistikken kun viser dei med over tre års botid i Noreg.

Vedvarande låginntekt inneber at hushaldet har tent under 60 prosent av medianinntekt i Norge i løpet av dei siste tre åra. Tre års varigheit er sett for å filtrere vekk forbigåande låginntekt og fange opp dei med meir varige økonomiske utfordringar. Sjølv om ei treårsperiode med låginntekt ikkje nødvendigvis er lang tid for ein vaksen, vert tre år sett på som ein betydeleg del av eit barns oppvekst. Vedvarande låginntekt treng ikkje å bety opplevd fattigdom. Ofte gjer det likevel det. Fattigdom er assosiert med opplevde levekårsproblem. Fylkesrapporten for berekraft-kartlegginga (2021) i fylket viste også at vi scorar dårleg på relativ fattigdom og lønnsforskjellar mellom kjønna.

Berekraft

FN sine berekraftsmål skal vere utgangspunktet for samfunnsutvikling og samfunnsstyring på alle nivå. Dette krev omstilling også i kommunal sektor. Dei siste åra har reduserte klimautslepp og klimatilpassing fått auka merksemd. Kommunane er sentrale i dette arbeidet. Dette dekkjer likevel berre ein flik av utfordringane knytt til berekraft. Også når det gjeld mellom anna natur, å minske skilnadane i samfunnet og bygge samfunn som inkluderer har kommunane ei nøkkelrolle.

Kommunesektoren er stadig i omstilling med utfordringar knytt til økonomi, kostnadsutvikling, rekruttering av relevant fagkompetanse og målsetting om å effektivisere drifta. Samtidig er det viktig å rigge seg for auka berekraft. Kommunesamarbeid, bruk av ny teknologi og meir føremålstenleg organisering av arbeidet er tiltak som kan bidra til å utvikle og modernisere kommunesektoren.

Auka samarbeid

Statsforvaltaren finansierte ei kartlegging av interkommunale samarbeid i 2023. Denne viser at Møre og Romsdal då hadde 200 ulike interkommunale samarbeid. Rapporten anbefalte meir strukturerte samarbeid, noko som kan bidra til berekraftige velferdstenester og meir utviklingsdyktige kommunar. Dette vert følgt opp med prosjektskjønnsmidlar. Fire prosjektleiarar arbeider no saman med kommunane, kvarandre og Statsforvaltaren for auka og betre samarbeid

for kommunane i fylket. Til no er 25 av kommunane dekt av desse. Vi oppfordrar Stranda og Sykkylven til å vurdere å bli med også.

Kommunesamanslåing

Det pågår no to parallelle prosessar på Søre Sunnmøre for å greie ut mogleg kommunesamanslåing. Den eine omfattar Ørsta og Volda, medan den andre omfattar Herøy, Sande og Ulstein. Arbeidet er ein del av ei ny lokal vurdering av kommunestrukturen, med vekt på framtidig tenestekvalitet, kapasitet og økonomisk bereevne. Samlege kommunar fortener honnør for det grundige arbeidet som så langt er lagt ned i prosessane.

Sirkulærøkonomi

I ein sirkulærøkonomi nyttar vi naturressursar og produkt effektivt i eit kretsløp der minst mogleg ressursar går tapt. Dette inneber at ressursen skal brukast på nytt og på nytt med minst mogleg degradering. Kommunar bør som samfunnsutviklar, planmynde, eigar av bygg og eigedom, tenesteleverandør og innkjøpar legge til rette for å utvikle sirkulærøkonomiske tiltak lokalt. Sirkulærøkonomi er eitt av områda berekraftkoordinatorane femnar. Vi viser til [Anskaffelser.no](#) og [Innovative anskaffelser](#) for meir informasjon om temaet og praktisk bruk.


Omstilling

For å løyse utfordringane som samfunnet står overfor, må vi evne å omstille oss og gjere endringar så tidleg som råd. Pandemien viste at kommunane har denne evna. Det lovar godt for framtidige utfordringar anten det gjeld det grønne skiftet, mangel på kompetent arbeidskraft, strammare økonomiske rammer eller heilt andre område.

2.2 Rammeverk

Kommunal planlegging


Kommuneplanen sin samfunnsdel er den viktigaste planen for politisk styring. Den gir eit godt grunnlag for prioritering i kommunen. Samfunnsdelen skal innehalde ein handlingsdel. Kommunens økonomiplan kan inngå i handlingsdelen. Då sikrar ein at kommuneplanlegginga blir kopla til dei økonomiske rammene som kommunen har, og gjer dette synleg i den årlege budsjettprosessen. Statsforvaltaren i Troms og Finnmark har laga eit [retteiingsnotat](#) om temaet der denne samanhengen blir illustrert som vist under.



Figur 3 - Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul (Asplan Viak)


Ei rekke av dei samfunnsutfordringane vi står overfor, må løysast gjennom ei strategisk tilnærming i plan. Dette omfattar til dømes arbeidet med ei berekraftig arealforvaltning, samfunnstryggleik og beredskap, tverrfagleg innsats i arbeidet med barn og unge, gode helse- og omsorgstenester og folkehelsearbeid.

Kommunestyra skal vedta planstrategi seinast eitt år etter konstituering. Status i kommunane når det gjeld kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel er synleggjort i karta under.



Figur 4 - Kart over planstatus kommunal planstrategi pr. juni 2026

Ein oppdatert kommuneplan er ein føresetnad for god politisk styring av kommunen, og gir eit godt utgangspunkt for framtidsretta utvikling og styring. Difor er det gledeleg å sjå at fleirtalet av kommunane har tatt tak i dette.



Figur 5 Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel pr. juni 2026

Kommuneøkonomi

I perioden frå om lag 2020 og fram til 2023 hadde kommunesektoren gjennomgåande høgare frie inntekter enn det som vart lagt til grunn i budsjettprosessen. Dette heng særleg saman med meirskattevekst og statlege tilleggsøyvingar som kom mot slutten av året. I 2024 opplevde derimot mange kommunar svikt i skatteinntangen. For 2025 vart kommunesektoren vesentleg styrka. Skattesvikten vi såg i 2024 ser ut til å ha vore meir midlertidig enn frykta.

Samtidig har kommunane over fleire år vore prega av auka kostnadsnivå. Særleg har høgare lånerente, sterk prisvekst og mangel på fagpersonell bidrege til press i økonomien. I Møre og Romsdal har dette over tid ført til at ein stor del av kommunane har hatt negativt netto driftsresultat, og/eller eit resultat under Statsforvaltaren si anbefaling på minst 1,75 prosent. Rapporten frå Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (mars 2026) tek for seg den nasjonale utviklinga i kommunal økonomi meir inngåande.

På utgiftssida er det venta at prisvekst på varer og tenester vil påverke kommunebudsjettet ved at prisveksten framleis ligg over inflasjonsmålet. Mykje renteberande gjeld vert meir utfordrande å betale ned på ved at rentenivået framleis er høgt i høve til for nokre år sidan.

Investeringsnivået til kommunane har vore høgt dei siste åra. For tredje år på rad har gjeldsgraden i Møre og Romsdal vore fallande, til no 108 prosent for fylket samla. Dette er framleis eit for høgt nivå til at ein oppnår god økonomisk handleevne. Høgt gjeldsnivå, tomme disposisjonsfond og rentebindingsavtalar som går ut og må reforhandlast gjer at vi ser at fleire kommunar har utfordringar med å dekke låneutgiftene sine over driftsbudsjettet.

For Møre og Romsdal har 18 av 27 kommunar disposisjonsfond på under fem prosent av brutto driftsinntekt. 15 av 27 kommunar har negativt netto driftsresultat. Og 16 av 27 kommunar har høgare netto lånegjeld enn landssnittet.

3. Definisjonar

Her forklarar vi nokre typiske ord og uttrykk i kommunerekneskapen.

Brutto driftsinntekter (BDI) er dei totale driftsinntektene til kommunane. Inntekter frå rammetilskot, skatt på inntekt og formue, havbruksfondet, eigedomsskatt, brukarbetalingar, andre sals- og leigeinntekter, overføringar med krav om motyting og andre overføringar er inkludert i brutto driftsinntekter. Renteinntekter, utbytte og gevinst frå finansielle instrument er ikkje inkludert.


Eksterne finansinntekter er renteinntekter, utbytte, eigaruttak og kursgevinstar på finansielle instrument.

Motpost avskrivningar - Avskrivningar inngår i brutto driftsresultat, men blir trekt frå gjennom motpost avskrivningar. Det er avdrag som har verknad på rekneskapen og netto driftsresultat.

Eksterne finansutgifter er renteutgifter, provisjonar, andre finansutgifter, kurstap på finansielle instrument og avdragsutgifter.

Netto driftsresultat (NDR) er driftsinntekter med frådrag av driftsutgifter, renter og avdrag. Skilnaden mellom brutto- og netto driftsresultat viser kor stor del av inntektene som går med til å betale renter og avdrag. NDR viser kor mykje kommunen sit att med til avsettingar til framtidig bruk, slik som gjennom disposisjonsfond og eigenkapitalkrav til investeringar. Ein kommune kan og ha eit betre NDR enn brutto driftsresultat om kommunen har større eksterne finansinntekter enn eksterne finanskostnader. NDR er den vitigaste enkeltstående indikatoren for korleis den økonomiske situasjonen er i kommune.

Tabell 2 - Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat



Disposisjonsfond kan vere bundne eller frie. Dei bundne disposisjonsfonda må nyttast til føremålet dei er knytt til. Den frie delen av disposisjonsfondet er midlar som kommunen kan disponere fritt til både drifts- og investeringsføremål. Når netto driftsresultat viser mindreforbruk kan kommunen bygge opp reserver i disposisjonsfondet.

Eigenkapitalkrav er at kommunen vedtek ein handlingsregel om at investeringar skal finansierast med ein del av disposisjonsfondet.

Netto lånegjeld er gjelda til kommunane som er renteeksponert, inneheld rentekompensasjon og sjølvkost.


Renteeksponert gjeld er gjeld frå bank, statlege låneinstitusjonar, kredittføretak, livsforsikringsselskap, og frå obligasjon og sertifikatmarknaden.

Sertifikatlån er eit kortsiktig lån med løpetid inntil 12 månader. Lånet er avgrensa til sertifikatets lengde, og er omsetteleg. Ved utløp må lånet fornyast eller refinansierast. Varigheit på 3, 6, 9 eller 12 månader.

4. Driftsrekneskap

Driftsrekneskapen viser kommunens inntekter og utgifter.


På landsbasis fordeler driftsutgiftene seg på ulike tenesteområde, som vist i figuren under. Fordelinga er lik førre år, med unntak av helse og omsorg (ned frå 39 prosent), grunnskole (ned frå 19 prosent), administrasjon, kommune (ned frå 6 prosent), sosialsektoren samla (ned frå 5 prosent) og VAR (ned frå 5 prosent). Til saman utgjør barnehage, grunnskole og helse- og omsorgssektoren to tredelar av kommunane sine driftsutgifter.



Figur 6 - Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i prosent av totale brutto driftsutgifter

Kommunane skal gi likeverdige tenester til sine innbyggjarar, sjølv om det er store forskjellar i kommunane sin økonomi. Figur 8 og tabell 3 viser inntekter, utgifter og gjeld per innbyggjar. Dei kommunane som har meir utgifter enn inntekter tærer på opparbeidd eigenkapital for å gå i balanse. Stadig fleire kommunar har lite eller ikkje nokon midlar på disposisjonsfond.

Kommunens gjeld verkar direkte inn på kommunens økonomiske handleevne. Dei årlege avdraga og rentekostnadane er ei aukande driftsutgift for kommunane i vårt fylke. For gjeld, sjå kapittel 7.




Kommunane sine frie inntekter i 2025 er framstilt i figuren til venstre.

Dei største inntektskjeldene er skatteinntekter og rammetilskot.

For meir detaljar om eigedomsskatt og om havbruksfondet, sjå kapittel 9 og 10.

Figur 7 - Fordeling av kommunane sine frie inntekter i 2025.

Kjelde: Kommuneproposisjonen 2027



Figur 8 - Differanse mellom driftsinntekter og -utgifter per innbyggjar i 2025

Tabellen er meint som ein illustrasjon på kommunen sin økonomiske situasjon.


Tabell 3 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbygger – 2025

Kommune	Brutto driftsinntekter totalt	Brutto driftsutgifter totalt	Netto lånegjeld
Kristiansund	124 785	128 217	149 124
Molde	122 820	127 601	145 022
Ålesund	107 847	111 759	137 253
Vanylven	146 421	144 449	89 823
Sande	143 692	143 508	125 962
Herøy	117 533	119 912	91 731
Ulstein	116 816	124 613	159 922
Hareid	135 616	143 622	201 155
Ørsta	118 368	119 005	128 711
Stranda	134 890	148 105	172 213
Sykkylven	103 450	105 234	120 936
Sula	108 545	110 113	124 060
Giske	100 551	106 867	135 123
Vestnes	141 196	140 090	90 129
Rauma	127 973	129 601	126 527
Aukra	178 718	212 431	154 852
Averøy	119 758	124 581	120 396
Gjemnes	138 549	147 037	95 474
Tingvoll	145 102	147 049	105 857
Sunndal	151 865	152 091	108 964
Surnadal	145 905	146 540	123 281
Smøla	183 849	181 255	174 679
Aure	159 982	158 035	101 306
Volda	136 397	138 962	182 852
Fjord	177 013	177 227	149 520
Hustadvika	115 680	119 616	128 427
Haram	111 966	110 924	132 495

Kjelde: SSB tabell 12137: Finansielle nøkkeltal i kroner per innbygger, kommunekonsern, etter region, statistikkvariabel, år og rekneskapsomgrep.

Dei mest sentrale indikatorane i kommuneøkonomien er netto driftsresultat, storleiken på disposisjonsfond og gjeldsgraden. Det er samanhengen mellom desse indikatorane som gir uttrykk for kommunens økonomiske tilstand. I dei neste tre kapitla vil vi gå meir inn på dei ulike indikatorane.

Figuren under illustrerer kommunen si økonomiske tilstand i ein trappefigur. Kommunar øvst i trappa (merka grønt) har sunn økonomi. Midt i trappa ligg kommunar som brukar av disposisjonsfondet sitt for å dekke opp meirforbruk i rekneskapen (merka gule). Desse kommunane må vurdere om dei vil måtte halde fram å bruke av disposisjonsfondet, og om storleiken på disposisjonsfondet vil tole fleire år med meirforbruk. Det er ofte på dette tidspunktet kommunen bør ta grep for å unngå økonomisk ubalanse. Lågst i trappa ligg dei kommunane som har komme i økonomisk ubalanse og er meldt inn i ROBEK (merka raude).




Figur 9 - Tiltakstrappa - økonomisk balanse

5. Netto driftsresultat


Netto driftsresultat (NDR) er summen av alle inntekter minus alle utgifter. Netto driftsresultat er hovudindikatoren for økonomisk balanse i kommunesektoren. Teknisk berekningsutval for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at netto driftsresultat over tid bør utgjere minst 1,75 prosent av brutto driftsinntekter for kommunane. Eit slikt nivå blir vurdert som nødvendig for å ivareta formuesbevaringsprinsippet og sikre tilstrekkeleg eigenfinansiering av investeringar. Prinsippet inneber at ein kommune si samla formue, realkapital og finansielle fordringar, med frådrag av gjeld, ikkje skal verte redusert over tid.

Landet utanom Oslo hadde i gjennomsnitt eit netto driftsresultat (NDR) på 2,1 prosent, medan Møre og Romsdal hadde 0,9 prosent av brutto driftsinntekt (BDI) i 2025. Dette er ei vesentleg styrking frå 2024, då både landet og fylket fekk negativt netto driftsresultat. Det er framleis stor variasjon mellom kommunanes netto driftsresultat både internt i Møre og Romsdal og i landet totalt sett. Likevel er også dei negative netto driftsresultata betre enn førre år.



Figur 10 - Kart over kommunar som viser positivt og negativt netto driftsresultat, 2025

Kommunar farga raudt hadde negativt netto driftsresultat, medan kommunar med grøn farge hadde netto driftsresultat på over 1,75 prosent.



Figur 11 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, kjeldetabell 12134

Kommunar som har hatt negativt NDR over fleire år, må arbeide for å få ein berekraftig økonomi. Det er difor viktig å gjere nødvendige politiske vedtak så tidleg som mogleg for å sikre ein sunn kommuneøkonomi og unngå at situasjonen forverrar seg før ein tek grep.

Ved inngangen til 2025 var to kommunar i ROBEK: Hareid og Tingvoll. Sande og Herøy vart meldt inn i ROBEK i løpet av 2025. I 2026 vart også Surnadal og Ørsta meldt inn og per 30. juni er seks av 27 kommunar i fylket i ROBEK. Meir informasjon om ROBEK finn du i kapittel 13.


Tabell 4 - Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Kommune	2022	2023	2024	2025
Smøla	5,6	-3,0	3,6	-2,7
Ørsta	1,5	-3,6	-7,4	-2,4
Surnadal	0,8	-0,7	-4,0	-2,0
Sande	-2,0	-2,5	-7,8	-1,9
Volda	1,8	2,5	-2,5	-1,8
Haram	.	.	-0,7	-1,8
Vestnes	2,4	0,5	0,5	-1,4
Sykkylven	2,3	1,7	-1,6	-1,2
Aure	4,8	0,1	-3,9	-1,2
Tingvoll	0,5	-8,0	-8,5	-1,1
Vanylven	1,3	-3,2	-5,4	-1,0
Sula	2,1	-1,4	-4,0	-0,8
Hareid	0,3	-8,7	-10,5	-0,7
Fjord	-4,0	0,8	3,1	-0,6
Sunndal	4,2	0,9	-2,1	-0,4
Molde	-0,4	-2,3	-2,2	0,3
Hustadvika	2,6	-2,3	-3,3	0,6
Kristiansund	0,5	-0,4	-1,7	0,9
Rauma	4,2	2,1	1,4	0,9
Ålesund	.	.	-0,3	1,2
Averøy	-1,0	-3,0	-4,2	1,2
Herøy	-2,2	-6,7	-0,4	1,6
Giske	4,1	0,3	-1,8	3,0
Ulstein	0,3	-1,7	-2,4	3,4
Gjemnes	2,2	6,0	3,0	4,1
Stranda	2,3	4,4	2,9	4,6
Aukra	14,2	26,9	29,3	27,5
Møre og Romsdal	1,9	0,3	-1,2	0,9
Landet utan Oslo	2,6	1,0	-0,3	2,1

Kjelde: SSB tabell 12134: Utvalde nøkkeltal for kommunerekneskap 2022 – 2025.

Om rekneskapen viser positivt netto driftsresultat, kan midlane nyttast i drifta, til investeringar eller settast av på fond til seinare bruk (avsetjingar). Dersom kommunen har negativt netto driftsresultat, må dette dekkast inn ved bruk av fondsmidlar og/eller stryke budsjetterte avsetjingar.

For å vurdere kommunens økonomiske handleevne, kan det vere nyttig å sjå netto driftsresultat opp mot kommunens disposisjonsfond. Figuren under illustrerer dette. 2022 var året både disposisjonsfond og NDR var høgast. Begge har blitt redusert åra etter det, men 2025-tala viser ei marginal betring igjen. I snitt ligg landets kommunar framleis på eit høgt nivå. Sidan 2020 har NDR vore lågare enn landsgjennomsnittet for Møre og Romsdal. Det same gjeld disposisjonsfondet.




Figur 12 – Netto driftsresultat og disposisjonsfond 2014-2025, henta frå Kommuneproposisjonen 2027

6. Disposisjonsfond

Disposisjonsfond er «sparepengar» som kommunen kan bruke. Å ha «pengar på bok» kan avhjelpe kommunen om dei får utgifter dei ikkje har budsjettert for. Statsforvaltaren tilrår at disposisjonsfondet minst er på mellom 5 og 10 prosent av brutto driftsinntekt. Dette gir kommunen handlingsrom til å handtere svingingar i økonomien. Disposisjonsfondet kan nyttast til både drifts- og investeringsføremål og skal brukast om kommunerekneskapen viser meirforbruk.

I Møre og Romsdal har 18 kommunar disposisjonsfond på mindre enn fem prosent av brutto driftsinntekt. Av desse 18 kommunane er det berre Ulstein som har NDR over tilrådd nivå. Ni av dei 18 kommunane har ein gjeldsgrad på over 100 prosent av brutto driftsinntekter. Av seks kommunar i ROBEK, er to av kommunane si gjeldsgrad på over 100 prosent. Felles for alle dei 18 kommunane er at dei har all grunn til å arbeide med å få økonomien inn i eit berekraftig spor.

Under er disposisjonsfond vist i diagramsform. ROBEK-kommunar kan ha positivt disposisjonsfond, då midlane kan ha bindingar og berre kan brukast på gitte vilkår.



Figur 13 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2025

Tabell 5 - Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter, per kommune 2022-2025


Kommune	2022	2023	2024	2025
Vanylven	9,0	5,5	1,3	0,1
Sande	0,2	0,1	0,1	0,1
Hareid	2,7	0,1	0,1	0,1
Ørsta	10,4	6,6	0,6	0,5
Vestnes	1,5	2,1	2,4	1,0
Fjord	0,2	0,3	1,5	1,1
Herøy	4,7	0,0	2,0	1,2
Ålesund	.	.	1,8	1,4
Surnadal	5,0	3,0	1,4	1,4
Molde	8,2	5,6	1,8	1,5
Tingvoll	12,9	3,9	1,5	1,6
Averøy	8,3	4,0	1,6	1,7
Haram	.	.	3,3	1,7
Hustadvika	11,2	7,6	3,6	2,9
Kristiansund	6,9	5,8	3,4	3,1
Rauma	1,6	2,3	3,7	3,6
Sykkylven	5,8	6,7	4,7	3,7
Ulstein	6,2	4,3	1,4	4,1
Volda	8,4	11,1	7,8	5,2
Giske	4,6	5,8	3,8	5,6
Sula	16,3	14,0	8,2	6,2
Aure	17,5	15,3	11,1	10,5
Stranda	10,0	13,9	15,8	11,2
Smøla	21,3	17,3	19,6	16,2
Sunndal	22,5	22,3	19,0	17,8
Gjemnes	9,5	13,9	16,6	19,0
Aukra	133,6	153,7	178,5	195,1
Møre og Romsdal	10,1	9,3	8,1	7,9
Landet utan Oslo	14,6	13,6	11,6	11,9

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter

7. Kommunane si gjeld

Det er viktig at kommunane har eit forsvarleg gjeldsnivå. KS anbefaler at gjeldsgraden over tid ikkje ligg over 75 prosent av brutto driftsinntekt. På landsbasis låg lånegjelda i 2025 litt høgare enn i 2017; 91 mot 85 prosent. Også i Møre og Romsdal ser vi at gjeldsnivået har hatt same utvikling som for landet, men at nivået på lånegjelda jamt over har vore høgare. For 2025 er fylkessnittet på 108 prosent.

Trass i reduksjonen er det framleis eit svært høgt gjeldsnivå i Møre og Romsdal. Vår vurdering er at gjeldsgraden må ned. Det vert underbygd av auken i rentenivået. Vi tilrår at kommunane gjer ei totalvurdering av eigen økonomi når dei vedtek måltal for gjeldsgrad. Kommunane kan i tillegg sette mål om å auke eigenfinansieringa av investeringar ved å bruke av oppsparte fondsmidlar.



Figur 14 - Utvikling i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2017–2025


Kommunestyret skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir ivaretatt over tid. I kommunelova står det at kommunen ikkje skal ta vesentleg finansiell risiko i finansforvaltinga eller gjeldsforvaltinga. Kvar kommune må vurdere kva finansiell risiko kommunen kan tole. Dette vil vere avhengig av kommunens disposisjonsfond og netto driftsresultat.

Kommunane har ansvar for ei rekke tenester (generalistprinsippet) som krev omfattande investeringar. Utviklinga i lånegjelda er tett bunden til investeringsaktiviteten i kommunane. Kommunane kan ta opp lån til eigne investeringar, men ikkje til drift. Kommunane kan også finansiere investeringar med eigne midlar (disposisjonsfond). Kommunane vedtek finansielle måltal. Gjeldsgrad (netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt) og eigenfinansieringskrav kan vere finansielle måltal.

7.1 Netto lånegjeld

I Møre og Romsdal har 13 kommunar ein gjeldsgrad på over 100 prosent av brutto driftsinntekt. Av desse har fem kommunar over 120 prosent. Statsforvaltaren har også tidlegare peika på at det høge gjeldsnivået gjer at driftsbudsjettet blir ytterlegare pressa med høgare rentenivå.

Langsiktig gjeld kjem fram av kommunens balanserekneskap. Det omfattar lån til investeringar, pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar. I netto lånegjeld er pensjonsforpliktingar, formidlingslån og ubrukte lånemidlar tatt ut. Netto lånegjeld blir brukt som mål på kommunens gjeld knytt til tenesteytinga. I netto lånegjeld er lån til sjølvkosttenester tatt med, slik som vatn, avløp og renovasjon.



Figur 15 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Tabell 6 - Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2022-2025, kjelde: SSB tabell 12143


Kommune	2022	2023	2024	2025
Vanylven	68,8	72,7	69	62,2
Aure	76,9	74,3	68,1	64,1
Vestnes	81,2	75,2	67,9	64,3
Gjemnes	73,2	62,6	63,7	64,9
Sunndal	60,6	62,7	64,8	71,6
Tingvoll	89,0	82,6	78	72,0
Aukra	85,5	82,4	77,9	72,9
Herøy	121,0	110,4	76,5	76,5
Surnadal	86,4	85,4	87,6	84,1
Fjord	100,3	94,2	86,8	84,4
Sande	90,7	90,1	93,6	87,8
Smøla	86,9	84,1	77,9	96,4
Averøy	109,5	106,2	102,8	96,6
Rauma	115,4	109,7	102,4	97,6
Hustadvika	102,6	104,0	106,9	107,4
Ørsta	127,4	124,5	120,1	108,2
Sula	123,8	119,0	115,7	112,7
Molde	135,3	126,7	118,7	113,7
Sykkylven	108,3	119,7	114,4	114,9
Kristiansund	122,6	115,4	116	116,3
Stranda	142,2	133,8	125,2	116,3
Haram	.	.	119,7	119,4
Ålesund	.	.	117,1	122,8
Giske	122,3	131,7	122,9	126,4
Ulstein	161,3	144,3	136	128,3
Volda	136,0	135,9	139,8	131,6
Hareid	140,6	139,8	151,9	140,1
Møre og Romsdal	112,4	110,7	108,9	107,8
Landet utan Oslo	92,9	92,6	92,2	91,2

Tabellen ovanfor viser korleis gjelda har utvikla seg per kommune samanlikna mot fylket sett under eitt og for landet utan Oslo dei fire siste åra. 21 kommunar i Møre og Romsdal har lågare gjeldsgrad i 2025 samanlikna med 2022, 18 kommunar om ein samanliknar 2025 mot 2024.

7.2 Renteeksponert gjeld

Renteeksponert gjeld er den delen av kommunen si gjeld som blir direkte påverka av endringar i rentenivået. Renteeksponert gjeld er netto lånegjeld, utanom gjeld til vatn, avløp og renovasjon og utan gjeld knytt til rentekompensasjonsordningar.

Figur 16 viser korleis langsiktig gjeld er fordelt i kommunal sektor dei siste åra, der det grå feltet viser storleiken på renteeksponert gjeld.



Figur 16 – Kommunane si langsiktige gjeld og renteeksponering i 2015–2025 i prosent av driftsinntektene
Figuren er henta frå Kommuneproposisjonen 2027.

I Møre og Romsdal var samla renteeksponert gjeld på 26,2 mrd. kroner i 2025, noko som er ei svak auke frå førre år (25,8 mrd. kroner). Ein prosent høgare lånerente enn føresett i budsjettet vil ha samla verknad på 262 mill. kroner for lånekostnadane i driftsrekneskapen for kommunane i Møre og Romsdal til saman. Dette gir ein indikasjon på kor sårbar kommunen vil vere for endringar i rentenivået. Styringsrenta er lik som på same tid i fjor, men mange kommunar har budsjettert med lågare renter. Dette kan få stor påverknad for kommunane det gjeld sin økonomi.

Tabell 7 – Netto renteeksponert gjeld

Kommune	Folketal pr. 1.1.25	Beløp i 1000 kr	Beløp pr. innbygger, kr
Aukra	3 759	-941 784	-250 541
Gjemnes	2 708	158 821	58 649
Aure	3 394	199 910	58 901
Sunndal	7 193	486 927	67 695
Vanylven	3 048	214 108	70 245
Herøy	9 031	659 311	73 005
Ålesund	59 198	5 183 789	87 567
Vestnes	7 242	643 329	88 833
Sykkylven	7 626	694 257	91 038
Sula	9 759	896 122	91 825
Rauma	7 196	669 621	93 055
Ørsta	11 055	1 030 997	93 261
Hustadvika	13 460	1 263 432	93 866
Tingvoll	3 077	289 878	94 208
Giske	8 773	842 906	96 080
Averøy	5 992	601 864	100 445
Kristiansund	24 578	2 559 476	104 137
Surnadal	5 950	645 039	108 410
Stranda	4 380	481 212	109 866
Haram	9 409	1 047 667	111 347
Fjord	2 506	281 172	112 200
Sande	2 435	278 805	114 499
Molde	33 163	4 120 978	124 264
Ulstein	8 862	1 169 316	131 947
Volda	11 131	1 534 095	137 822
Hareid	5 320	944 856	177 605
Smøla	2 168	*	-
Møre og Romsdal	272 413	26 249 982	96 361
Noreg	5 594 340	334 632 462	59 816

*Ikkje innrapportert tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet.

Tabell 8 – Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Kommune	2022	2023	2024	2025
Aure	53,2	51,7	47,8	46,9
Vanylven	51,3	56,8	55,0	50,5
Aukra	64,0	59,7	54,6	51,0
Herøy	116,5	106,8	73,9	57,6
Gjemnes	62,0	53,3	55,7	58,1
Sunndal	48,9	51,6	54,0	59,5
Tingvoll	71,7	66,9	64,3	60,1
Sande	62,5	63,0	65,8	62,1
Vestnes	78,0	72,6	65,8	62,7
Fjord	82,1	77,8	71,7	69,4
Ørsta	108,1	99,9	102,9	71,4
Surnadal	73,3	73,1	75,2	72,2
Sula	90,7	87,2	*	81,3
Rauma	97,3	93,7	87,0	81,7
Averøy	91,6	90,3	88,3	83,6
Kristiansund	85,5	81,0	81,7	84,8
Stranda	108,8	103,0	95,5	87,5
Ålesund	.	.	81,9	87,9
Hustadvika	.	81,0	84,6	88,8
Sykkylven	88,8	95,6	90,2	93,1
Molde	112,0	105,6	98,1	93,3
Giske	90,7	99,9	90,6	94,4
Haram	.	.	99,5	100,3
Hareid	*	114,9	*	107,7
Ulstein	134,9	120,2	114,2	108,8
Volda	115,0	111,6	116,2	109,2
Smøla	68,5	68,1	63,3	*
Møre og Romsdal	90,0	88,0	86,8	83,8
Landet utan Oslo	67,9	67,6	67,0	66,1

* Ikkje innrapportert tal.

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

7.3 Ubrukte lånemidler

Nokre kommunar har store beløp i ubrukte lånemidler (memoriakonto) i rekneskapen. Ulempa med dette er at det gir høgare avdrag som følgje av reglane om minste avdrag. Det er ikkje ulovleg å ha ubrukte lånemidler, men ved ein vedvarande stor behaldning bør praksisen endrast.

Det kan vere fleire årsaker til ubrukte lånemidler, men kommunane bør identifisere årsakene og etablere gode rutinar. Dette kan til dømes vere eit årshjul med jamleg rapportering og løpande justering av investeringsbudsjett og låneopptak gjennom året. Omfanget av ubrukte lånemidler må vurderast opp mot investeringsbudsjettet og nivået ved starten av året.

God praksis inneber at kommunen ikkje tek opp meir lån enn nødvendig, og at ubrukte lånemidler blir nytta før nye lån blir tekne opp. Eventuelle overskytande lånemidler bør betalast tilbake i tråd med vedtak, og som hovudregel innan årsslutt. Ubrukte lånemidler ved årsslutt er normalt eit resultat av avvik frå prognosane ved siste budsjettreportering eller budsjettjustering.


7.4 Norges Bank - styringsrente

Styringsrenta til Norges Bank verkar inn på kva rentevilkår långjevar tilbyr kommunane.

I september 2019 sette Norges Bank renta opp til 1,5 prosent, som då var det høgste nivået dei føregåande fem åra. På det tidspunktet vurderte Norges Bank utsiktene og risikobildet slik at veksten i norsk økonomi og kapasitetsutnytting var noko over eit normalt nivå, som tilsa høgare rente. I mars 2020 stengte Norge ned på grunn av koronapandemien. Det førte til den kraftigaste nedgangen i norsk økonomi i nyare tid og Norges Bank sette renta til 0 prosent 6. mai 2020. Frå september 2021 vart styringsrenta auka ei rekke gonger fram til ho nådde 4,5 prosent i desember 2023. Styringsrenta ligg no på 4,25 prosent.

Grunngjevinga er at prisveksten framleis er for høg og har lege over målet over tid. Samstundes meiner Noregs Bank at kapasitetsutnyttinga i økonomien er nær eit normalt nivå, men i ferd med å avta. Banken har signalisert at renta truleg må setjast opp igjen på eitt av dei næraste møta dersom økonomien utviklar seg slik dei no ser føre seg.

Sjå [*Pengepolitisk rapport 2/26*](#) for fleire detaljar.



Figur 17 - Utviklinga i styringsrenta 2006–2026 (Norges bank, etter rentemøte 17. juni 2026)

7.5 Avdrag

Lån skal nedbetalast årleg med minimum det kommunelova krev i avdrag. Tabell 9 viser kor stor prosent av brutto driftsinntekter som blir brukt til å betale avdrag kvart år. Også her blir driftsrekneskapen påverka av storleiken på gjelda. Fem kommunar brukar fem prosent av driftsinntektene eller meir til å betale avdrag. Rentekostnadar kjem i tillegg.

Tabell 9 – Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter

Kommune	2022	2023	2024	2025
Vestnes	3,5	3,2	2,9	2,9
Vanylven	3,4	2,8	2,8	3,1
Haram	.	.	3,2	3,1
Aure	3,9	3,9	3,5	3,2
Sunndal	3,1	3,2	3,3	3,3
Sykkylven	3,4	2,9	3,5	3,4
Gjemnes	4,7	4,2	3,4	3,7
Sande	4,0	4,0	4,1	3,8
Surnadal	4,4	3,4	3,8	3,8
Ålesund	.	.	3,9	4,0
Herøy	4,5	4,3	6,3	4,0
Tingvoll	5,1	4,5	4,3	4,0
Aukra	8,1	4,5	4,1	4,2
Fjord	4,4	4,4	4,4	4,2
Averøy	4,5	4,4	4,4	4,3
Smøla	4,6	4,5	3,5	4,3
Rauma	3,6	4,5	4,4	4,4
Hustadvika	3,9	4,0	4,3	4,4
Hareid	3,8	4,5	4,8	4,6
Ørsta	4,3	4,7	4,8	4,6
Sula	5,0	5,1	4,8	4,7
Molde	5,3	5,2	5,3	4,9
Ulstein	6,1	5,8	5,4	5,0
Giske	4,7	5,1	5,6	5,0
Volda	5,0	5,1	5,2	5,1
Kristiansund	5,5	5,3	5,2	5,2
Stranda	6,1	5,7	5,6	5,5
Møre og Romsdal	4,6	4,4	4,5	4,3
Landet utan Oslo	4,1	4,0	3,9	3,8

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevillings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter.

8. Likvide midlar

Arbeidskapital utan premieavvik er eit utrykk for likviditet. Med likviditet meiner vi kommunens evne til å betale sine utgifter etter kvart som dei forfell. Arbeidskapital er omløpsmidlar trekt frå kortsiktig gjeld. Arbeidskapital utan premieavvik kan også brukast som eit finansielt måltal. Arbeidskapitalen omfattar bankinnskot, verdipapir (t.d. aksjar, sertifikat) og kortsiktige fordringar.

Tabell 10 – Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter 2022-2025

Kommune	2022	2023	2024	2025
Hareid	7,0	-1,1	-6,3	-11,5
Molde	8,4	0,4	-7,4	-9,2
Tingvoll	11,8	2,8	-7,7	-4,4
Vestnes	0,4	-7,3	-5,7	-3,2
Vanylven	0,3	-2,9	-5,1	-1,5
Averøy	15,5	1,1	-4,6	-1,2
Sande	16,2	4,5	-4,9	-0,2
Kristiansund	9,2	2,8	0,8	2,5
Sykkylven	2,2	0,3	-1,4	2,9
Surnadal	11,6	6,9	2,7	3,4
Rauma	7,7	0,9	4,6	5,5
Ulstein	8,1	4,3	5,2	5,9
Volda	24,2	18,0	14,2	6,6
Aure	27,3	13,2	7,7	8,6
Fjord	12,2	7,0	10,6	9,6
Ålesund	.	.	7,1	10,6
Herøy	12,7	6,8	10,3	12,0
Stranda	15,5	15,3	16,5	12,1
Ørsta	8,4	9,4	-2,7	12,7
Hustadvika	20,8	9,8	9,7	13,5
Sula	27,8	16,5	14,3	14,2
Sunndal	20,5	17,5	17,5	19,1
Smøla	28,9	21,1	27,2	19,4
Gjemnes	22,6	18,7	22,9	22,0
Giske	24,7	41,0	24,8	26,3
Haram	.	.	31,0	32,2
Aukra	139,2	159,3	186,5	202,7
Møre og Romsdal	17,5	11,2	9,7	11,4
Landet utan Oslo	21,8	16,2	14,8	16,3

Kjelde: SSB tabell 12143: Finansielle nøkkeltal frå bevilings- og balanserekneskapet i prosent av brutto driftsinntekter

9. Eigedomsskatt

Eigedomsskatt er ein frivillig kommunal skatt og det er kommunestyret som vedtek denne.

Eigedomsskattekontoret skriv ut skatten etter det årlege skattevedtaket i kommunen. På landsbasis har 326 av landets 357 kommunar eigedomsskatt og i Møre og Romsdal er det berre to kommunar som ikkje har ei form for eigedomsskatt per 2025. Sande kommune har innført eigedomsskatt frå 2026.

Kommunestyret vedtek kor høg skattesatsen skal vere innanfor lovas rammer.

Maksimal skattesats	
Bustadar og fritidseigedomar	4 promille
Næringsverksemdar	7 promille

Kommunestyret avgjer kva eigedomar det skal skrive ut eigedomsskatt på. Det er lovleg å ha eigedomsskatt på verksemdar utan å skattelegge bustadar og fritidseigedomar. Kva eigedomar som kommunane i Møre og Romsdal har eigedomsskatt på, kjem fram i tabell 10. Tabellen viser også når kommunen sist gjennomførte alminneleg taksering av eigedomane i kommunen. Alminneleg taksering skal som hovudregel skje kvart tiande år. Samla inntekter frå eigedomsskatt i Møre og Romsdal var på 1,3 mrd. kroner i 2025. Dette viser at eigedomsskatt er ei viktig inntekt for kommunane som bidreg til å oppretthalde nivået på dei kommunale tenestene.

Tabell 11 - Oversikt over eidegdomsskatt i kommunane i 2025

Kommune	Eidegdoms- skatt i kommunen	Eidegdoms- skatt totalt (1000 kr)	Bustader og fritidseidegdomar (1000 kr)	Eidegdoms- skatt anna eidegdom (1000 kr)	Differensiert skattesats for bustadar og fritids- eidegdomar	Siste alminnelege taksering i kraft? (år)
Kristiansund	Ja	121 141	82 882	38 259	4,0	2019
Molde	Ja	158 031	120 411	37 620	..	2020
Ålesund	Ja	145 995	127 137	18 858	..	2015
Vanylven	Nei	-	-	-	..	..
Sande	Nei	-	-	-	..	..
Herøy	Ja	10 470	7 510	2 960	..	2025
Ulstein	Ja	12 567	12 567	-	..	2018
Hareid	Ja	11 193	11 193	-	..	2014
Ørsta	Ja	35 299	28 165	7 134	..	2014
Stranda	Ja	18 409	11 206	7 203	4,0	2013
Sykkylven	Ja	12 161	12 161	-	..	2018
Sula	Ja	11 747	10 797	950	..	2020
Giske	Ja	24 667	23 188	1 479	..	2014
Vestnes	Ja	33 163	23 247	9 916	4,0	2024
Rauma	Ja	45 488	20 705	24 783	4,0	2022
Aukra	Ja	266 700	-	266 700	..	2023
Averøy	Ja	29 386	20 615	8 771	4,0	2020
Gjemnes	Ja	11 463	8 091	3 372	4,0	2012
Tingvoll	Ja	12 466	10 318	2 148	4,0	2016
Sunndal	Ja	79 064	12 688	66 376	3,0	2011
Surnadal	Ja	33 325	18 088	15 237	4,0	2020
Smøla	Ja	12 227	-	12 227	..	2018
Aure	Ja	24 618	7 739	16 879	1,0	2018
Volda	Ja	52 307	38 346	13 961	..	2014
Fjord	Ja	22 761	-	22 761	..	2024
Hustadvika	Ja	64 513	37 832	26 681	4,0	2022
Haram	Ja	14 090	11 540	2 550	..	2015
Møre og Romsdal	..	1 263 251	656 426	606 825	..	..

Kjelde: SSB-tabell 12843: Eidegdomsskatt

10. Havbruksfondet

Havbruksfondet vart oppretta i 2016. Det fordeler inntektene frå vekst i oppdrettsnæringa og inntekter frå avgifta på produksjon av laks, aure og regnbogeaure. Kommunane fekk i 2025 om lag 1,1 mrd. kroner. Av dette gjekk rundt 105 mill. kroner til kommunane i Møre og Romsdal.

Tabell 12 – Utbetalningar frå Havbruksfondet


Kommune	2022	2023	2024	2025
Kristiansund	13 293 103	4 975 095	18 166 137	4 267 556
Molde	15 171 476	11 759 640	20 733 092	8 863 534
Ålesund	17 858 995	11 817 045	-	-
Vanylven	8 091 454	3 028 319	11 057 649	2 597 643
Sande	4 245 346	6 588 869	5 796 214	1 361 636
Herøy	3 045 854	1 139 946	4 167 836	979 101
Ulstein	1 733 883	648 925	2 369 496	556 638
Ørsta	8 891 708	3 327 823	13 427 145	8 154 281
Stranda	6 935 532	2 595 702	6 318 656	1 484 367
Sykkylven	2 311 844	5 865 234	3 159 328	742 184
Giske	4 103 523	1 535 790	5 619 376	5 044 927
Vestnes	10 403 298	3 893 553	14 216 977	3 339 827
Rauma	2 889 805	6 514 159	5 528 824	1 298 821
Aukra	13 456 118	7 870 493	18 388 911	10 804 257
Averøy	10 143 957	9 661 725	17 021 894	7 723 586
Gjemnes	5 201 649	1 946 776	7 108 489	1 669 913
Tingvoll	6 068 591	2 271 239	8 293 237	6 712 093
Surnadal	577 961	216 308	789 832	185 546
Smøla	51 794 197	24 384 569	73 454 382	22 255 771
Aure	16 182 908	6 056 638	23 696 680	10 566 781
Volda	9 247 376	3 460 936	12 637 313	2 968 735
Fjord	4 623 688	1 730 468	6 318 656	1 484 367
Hustadvika	5 201 649	7 379 393	8 688 153	2 041 005
SUM	221 473 915	128 668 649	78 749 483	105 102 569

Kjelde: [Havbruksfondet \(fiskeridir.no\)](https://fiskeridir.no)

11. KOSTRA

Barnehagesektoren

Utgiftene til barnehagedrift utgjorde også i 2025 11 prosent av kommunane sitt budsjett på landsbasis. I oversikta under er alle utgifter som kommunen har til barnehagedrift totalt tatt med, med frådrag av alle inntektene. Tabellen viser netto driftsutgifter kommunen har til barnehagedrift fordelt på innbyggjarar 1-5 år i kommunen.




Figur 18 - Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbyggjar 1-5 år i 2025

Netto driftsutgifter til barn i barnehage per innbyggjar 1-5 år varierer mykje mellom kommunane i fylket, men samlege ligg over landsgjennomsnittet. Aukra kommune hadde i 2025 høgast utgifter med 304 367 kroner per barn. Hareid kommune brukte same år minst per barn med 196 660 kr per innbyggjar 1-5 år. Skilnaden er dermed på nær 108 000 kroner per barn 1-5 år. Møre og Romsdal sett under eitt (215 880 kroner) ligg godt over landssnittet utan Oslo (181 097 kroner).

Grunnskolesektoren

18 prosent av kommunane sine utgifter går til grunnskolesektoren. Figuren under viser skilnaden mellom kommunane i fylket i utgifter til skoledrift per innbyggjar i alderen 6–15 år. Tabellen viser netto driftsutgifter kommunen har til grunnskolesektoren er fordelt på innbyggjarar mellom 6-15 år i kommunen.




Figur 19 - Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren per innbyggjar 6-15 år i 2025

Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren inneheld kostnader frå kommunane sin KOSTRA-rapportering på funksjonane 202 grunnskole, 215 skolefritidsordning, 222 skolelokale og 223 skoleskyss. Den kommunen som har høgast utgifter til grunnskolesektoren brukar 263 740 kroner per innbyggjar 6-15 år, medan Hareid som har lågast utgifter brukar 142 517 kroner. Det er nær ei dobling frå lågaste til høgste. Landsgjennomsnittet er til samanlikning på 163 265 kroner, medan Møre og Romsdal i snitt brukar 169 667 kroner. 19 av kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet.


Helse- og omsorgstenester

Utgifter til helse- og omsorgstenester er den største posten i kommunane sine utgifter: i 2025 utgjorde utgifter til helse- og omsorgstenester 38 prosent av kommunane sine utgifter. Oversikta under viser kommunen sine kostnader til helse- og omsorgstenester per innbygger.




Figur 20 - Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbygger i 2025

Dei aller fleste kommunane i fylket ligg over landsgjennomsnittet (utan Oslo). Den kommunen som har høgast utgifter bruker 75 328 kroner per innbygger, medan den som har lågast kostnader brukar 34 038 kroner, noko som utgjer ein skilnad på 41 290 kroner. Landsgjennomsnittet (utan Oslo) ligg på 40 368 kroner. Snittet for Møre og Romsdal er 45 924 kroner.



Figur 21 - Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon, 2025



Figur 22 – Fordeling, heimetenester og institusjonsplass, andel 80 år og eldre, 2025

Figur 21 og 22 viser at det er stor variasjon i både kostnad per institusjonsplass og korleis kommunane prioriterer mellom heimetenester og institusjon.

I perioden 2017-2025 har det vore ein langt større auke i kostnad knytt til heimebasert omsorg enn til institusjonsbasert omsorg i kommunane. Det har også blitt større spreining i kostnadsnivå mellom kommunane når det gjeld kostnad per innbyggjar i perioden.

Figurane viser store variasjonar mellom kommunane både i kostnader og i tenestestruktur for eldre. Utgifter per opphaldsdøgn i institusjon varierer frå om lag 4 000 til nær 9 000 kroner, der nokre få kommunar ligg tydeleg høgare enn resten, medan fleire ligg samla i eit midtsjikt rundt 6–7 000 kroner. Dette peikar mot ulik ressursbruk og/eller driftsmåtar i institusjonstenestene.

Samtidig viser fordelinga av tenester til innbyggjarar over 80 år at ein langt større del får heimetenester enn institusjonsplass i alle kommunar. Heimetenester omfattar rundt 20 til over 40 prosent av gruppa, medan institusjonsdekninga i hovudsak ligg mellom 3 og 13 prosent. Dette tyder på at kommunane i stor grad prioriterer heimebasert omsorg, men med tydelege variasjonar i kor høg dekninga er og korleis tenestene er balanserte.

12. Skjønnsstilskot

Kommunal- og distriktsdepartementet set kvart år av ein del av rammetilskotet til skjønnsstilskot til kommunane.

Føremålet med skjønnsstilskotet er å:

- kompensere kommunane for forhold som ikkje blir godt nok tatt i vare gjennom inntektssystemet eller gjennom andre faste tilskotsordningar (ordinære skjønnsmidlar)
- bidra til utviklings- og innovasjonsprosjekt i kommunane (prosjektskjønn)

Skjønnsstilskot blir fordelt til:

- Ordinært skjønn
- Prosjektskjønn
- Krieseskjønn (til dømes ekstraordinære økonomiske utfordringar gjennom året eller ved naturskade)

Statsforvaltaren fordeler fylkesramma vidare til kommunane etter retningslinjer gitt av *Kommunal- og distriktsdepartementet*.

Ordinære skjønnsmidlar og krieseskjønn

Skjønsspotten for 2026 er på om lag 56 millionar kroner. Fordelinga til kommunane vil bli kjent ved framlegging av statsbudsjettet i midten av oktober, men vil frå neste år først bli utbetalt i termin 1 gjennom rammetilskotet.

Skjønnsmidlane er ein del av rammetilskotet til kommunane og er såleis kommunane sine egne pengar. Vi ber kommunane om innspel på vesentlege utgifter som kommunen ikkje kan påverke sjølv, og som ikkje blir kompensert i stor nok grad gjennom andre tilskot. Innspela blir vurdert opp mot til dømes inntektssystemet og andre tilskotsordningar, samt i høve til gjennomsnittlege utgifter for kommunane i fylket, i den grad det lar seg gjere. Det skal gjerast ei heilskapleg og skjønnsmessig vurdering av økonomien og behova til kommunen.


Ordinære skjønnsmidlar går mellom anna til kommunar som har:

- høgare utgifter enn fylkessnittet til ressurskrevjande tenestemottakarar
- høge tal på barn under omsorg, hjelpetiltak og barn plassert i institusjon (i høve snittet for fylket)
- språkdeling
- legevaktsskyss
- andre spesielle saker som til dømes oppfølging av kommunar i økonomisk ubalanse for å understøtte omstilling, støtte til prosjektleiar i kommunar som er i ein samanslåingsprosess og deltaking i nettverk for ein berekraftig kommuneøkonomi i regi av KS.

Søknadsfristen for ordinære skjønnsmidlar og prosjektskjønn er 1. juni kvart år.

Statsforvaltaren skal halde att minst 10 prosent av totalramma til ekstraordinære hendingar gjennom året, såkalla kriseskjønn. Søknadsfristen for kriseskjønn er 1.september.

Skjønnsmidlar til kommunane Hareid, Sande og Tingvoll, som var på ROBESK på tidspunkt for tildeling, vil bli vurdert seinare og sett opp i mot framdrift med tiltaksplanen for nedbetaling av akkumulert underskot.



Figur 23 - Fordeling av skjønnsmidla 2026

Tabell 13 - Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2025

Kommune	Språk- deling	Oppretthalde drift av kommunalt rovviltutval	Skyss av helse- personell	Barnevern	Generell vurdering	Spesielle saker	Ekstra høge utgifter til ressurs- krevjande teneste- mottakarar	Prosjekt- skjønn
Kristiansund					1 200 000	1 000 000		3 500 000
Molde		30 000	200 000		1 700 000	500 000		2 000 000
Ålesund	2 500 000			300 000	3 000 000	1 000 000		
Vanylven				400 000	150 000			
Sande*								
Herøy				200 000	450 000	400 000		
Ulstein					450 000			1 500 000
Hareid*								
Ørsta				200 000	600 000			
Stranda				250 000	250 000		1 400 000	
Sykkylven					400 000			
Sula				400 000	500 000			
Giske					450 000			
Vestnes				250 000	400 000			
Rauma		30 000			400 000			
Aukra								
Averøy					300 000			
Gjemnes					150 000			
Tingvoll*								
Sunndal		30 000		800 000	350 000		1 100 000	1 500 000
Surnadal	300 000	30 000		200 000	300 000		1 300 000	1 600 000
Smøla			200 000	200 000	100 000			700 000
Aure			350 000	1 000 000	150 000		1 700 000	
Volda				200 000	600 000			
Fjord		30 000		200 000	150 000			900 000
Hustadvika				1 200 000	700 000			
Haram				100 000	500 000		300 000	
SUM	2 800 000	150 000	750 000	5 900 000	13 250 000	2 900 000	5 800 000	11 700 000

* Skjønnsmidlar til Hareid, Sande og Tingvoll, som er på ROBEK, vil bli vurdert seinare relatert til deira framdrift med tiltaksplanen for nedbetaling av akkumulert underskot.

Prosjektskjønn

Ein del av skjønnsramma går til fornying og utvikling i kommunane gjennom prosjektskjønn. Prosjektskjønnsmidlane vil dei næraste åra bli prioritert til tiltak som gir eit løft for alle kommunane i fylket. Prosjekta skal involvere fleire kommunar, ha overføringsverdi til andre kommunar samt ha eit opplegg for erfaringsdeling.

Kommunane søker på prosjektskjønn gjennom portalen [Prosjektskjønn](#). Søknadsfristen er 1. juni kvart år. Søknadane er innvilga med føresetnad om politisk vedtatt grunnavtale.

Tabell 14 – Tal på prosjekt 2021-2026

År	Tal på prosjekt	Beløp
2026	12	11 700 000
2025	10	10 461 000
2024	12	12 750 000
2023	16	10 774 860
2022	18	8 577 840
2021	13	11 450 000

Tabell 15 – Tildeling prosjektskjønn 2026

Prosjektnamn	Prosjekteigar	Tildeling kroner
Felles kartsystem og forprosjekt for tjenestesamarbeid for plan, kart og byggesak på Nordmøre	Kristiansund	1 800 000
Interkommunalt samarbeid	Volda	*
KI i saksbehandling for kommunene i ROR-IKTsamarbeidet	Molde	**1 000 000
Iverksettelse Interkommunal rammeavtale Nordmøre	Sunndal	1 500 000
Interkommunalt samarbeid Sunnmøre	Ulstein	*1 500 000
Sammen skaper vi gode tverrfaglig lag for barn og unge - forebygging av utenforskap	Surnadal	1 600 000
Etablering av interkommunal barnevernstjeneste Smøla - Aure	Smøla	700 000
Interkommunalt samarbeid med Region Ålesund	Fjord	400 000
Interkommunal beredskapsplanlegging fjellskred	Fjord	500 000
Interkommunalt samarbeid i Romsdalskommunene	Molde	**1 000 000
Region Ålesund - Ny modell for interkommunalt samarbeid	Ålesund	***
Felles søknad, alle Helseplattformen-kommunene i Midt-Norge	Kristiansund	1 700 000
SUM		11 700 000

* Volda og Ørsta søker om prosjektet Interkommunalt samarbeid, som inneber at dei heftar seg på 5K-samarbeidet. Sist nemnde får midlar også i år (Ulstein er prosjektleiar), og løyvinga er slått saman sidan dette er same prosjektet.

** Romsdalskommunane har fått utvida frist for å inngå grunnavtale til utgangen av 2025. Dette er ein føresetnad for at prosjekta skal få midlar. Midlane som vart bevilga til prosjekt i regionen gjennom prosjektskjønn 2025 vart ikkje utbetalt, då det ikkje var inngått grunnavtale etter forlenga frist (30. juni 2025).

*** Prosjektet fekk midlar gjennom prosjektskjønn 2025, men har ikkje tilsett prosjektleiar enno. Midlane frå 2025-løyvinga vert overført til 2026 og det er slik ikkje behov for ei ekstra løyving på prosjektskjønn 2026.

13. ROBEEK og omstilling

ROBEK er forkortinga for *Register om betinget godkjenning og kontroll*. Dette er eit register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse og derfor har komme under statleg kontroll av økonomien.

Det er kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, samt vedtak av årsrekneskap, som er grunnlag for innmelding i ROBEK (sjå 13.2). Vurderinga er objektiv og skal ikkje bygge på skjønn.

Kommunar i økonomisk ubalanse må gjere nødvendige grep for å få kontroll på økonomien og kome i økonomisk balanse, uavhengig av kva som er årsak til situasjonen. Det vil seie å gjere naudsynte prioriteringar og tiltak som aukar inntektene og/eller reduserer utgiftene med varig verknad.

For å få til dette, er det heilt nødvendig å etablere ei felles situasjonsforståing (eller kriseforståing) både i kommunestyret, i administrasjonen og elles i organisasjonen slik at heile kommunen dreg i same retning.


Omstilling handlar ofte om å ta val som kan vere vanskelege no, men nødvendige på sikt. I lokalpolitikken er det ikkje alltid sjølvve vedtaka som er mest krevjande: det vanskelegaste kan vere å stå i konsekvensane av dei. Utan uthald hos politikarar og administrasjon blir det fort freistande å endre kurs undervegs, utsetje avgjerder eller mjuke opp vedtak.

Resultatet kan bli at omstillinga mistar retning, og at gevinstane på sikt ikkje kjem. Kanskje merkar ein det ikkje med ein gong i éin sektor, men det får konsekvensar for samfunnsutviklinga over tid.

Skal vi lukkast, må omstillinga skje på tvers av sektorar og fagmiljø. Det krev politisk mot til å prioritere, nok kapasitet i administrasjonen til å gjennomføre, samarbeid på tvers og evne til å stå i prosessar over tid.


Omstilling er ikkje eit prosjekt med ein klar start og slutt. Det er ein kontinuerleg prosess som vil prege kommunesektoren i åra framover.

Møre og Romsdal har no seks kommunar i ROBEK. Vi ser at enno fleire står i fare for å bli meldt inn i åra som kjem. Det er difor viktig å gjere naudsynte politiske vedtak så tidleg som mogleg for å sikre ein sunn kommuneøkonomi.



Figur 24 - Kart over kommuner utmeldt og på ROBEK siste året per 30. juni 2026

Figuren under viser tal på kommuner innmeldt i ROBEK frå 2001 fram til i dag.



Figur 25 - Oppføring på ROBEK 2001–2025, i Møre og Romsdal og landet

*Per 1. juni for 2026

13.1 Innmelding i ROBEK

Ein kommune skal registrerast i ROBEK når eitt av alternativa i kommunelova § 28-1 første ledd ligg føre, jf. tabelloversikt på neste side. Det er Statsforvaltaren som skal kontrollere om ein kommune skal registrerast i ROBEK. Vi sender registreringa til departementet som gjennomfører ho. Det same gjeld for utmelding frå registeret.

Om kommunen allereie er meldt inn på ROBEK etter eitt eller fleire av alternativa i § 28-1 første ledd, skal nye grunnlag registrerast om dei oppstår. Registeret skal innehalde alle grunnlag som kommunen er registrert for til ein kvar tid.

Kommunestyrets vedtak av økonomiplan og årsbudsjett, samt vedtak av årsrekneskap, er grunnlag for innmelding i ROBEK.

Departementet kan bestemme at ein kommune ikkje skal førast inn på ROBEK. Dette gjeld når det er klart at det ikkje er behov innmelding jf. kommunelova § 28-1 andre ledd. Dette er det berre departementet som kan vurdere.

13.2 Kriteria for registrering på ROBEK

Kommunar skal registrerast på ROBEK om eitt av følgende forhold ligg føre:

Tabell 16 - Kriteria for registrering på ROBEK

Innmelding i ROBEK	Utmelding av ROBEK
Driftsbudsjett er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav a	Driftsbudsjettet året etter er vedteke utan meirforbruk - § 28-5 første ledd
Driftsdelen av økonomiplanen er vedteke med meirforbruk - § 28-1 bokstav b	Året etter er vedteke driftsdel i økonomiplana utan meirforbruk - § 28-5 andre ledd
Inndekking av meirforbruk i driftsbudsjett, økonomiplan eller driftsrekneskap over fleire enn 2 år etter at det oppstod - § 28-1 bokstav c	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Samla meirforbruk i driftsrekneskapen på meir enn 3 prosent av driftsinntektene - § 28-1 bokstav d	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd
Økonomiplan eller årsbudsjett ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav e	Økonomiplan eller årsbudsjett året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Årsrekneskapen ikkje er vedteke innan fristen - § 28-1 bokstav f	Årsrekneskapen året etter er vedteke innan fristen - § 28-5 fjerde ledd
Vedtak etter inndelingslova § 16 a (gjeld for kommunar som slår seg saman) - § 28-1 bokstav g	Meirforbruket er dekt inn - § 28-5 tredje ledd

Vedtak med meirforbruk

Det går fram av kommunelova § 14-10 første og femte ledd at all bruk av midlar skal ha dekning i årsbudsjett og kvart år i økonomiplan. Blir det gjort vedtak om meirforbruk i driftsbudsjett og/eller økonomiplan, skal kommunen meldast inn i ROBEK.

Kommunelova § 14-3 inneber at kommunestyret og fylkestinget, ved behandling av årsrekneskapen, må ta stilling til korleis eit eventuelt meirforbruk i driftsrekneskapen skal dekkast inn. Fristar for dette er sett i § 14-11. Dette inneber at kommunestyret må treffe vedtak som set i gang og gir rammer for kommunens arbeid med inndekking av meirforbruket, deriblant at kommunestyret gir beløp og tidsplan for når meirforbruket skal dekkes inn. Det er ikkje stilt krav om at vedtaket skal angi tiltak for å dekke inn meirforbruket: dette tar kommunestyret stilling til i økonomiplanen og årsbudsjettet. Bestemminga må sjåast i samanheng med § 14-5 fjerde ledd.

Uspesifisert saldering i årsbudsjett

Dersom kommunen gjer vedtak om uspesifisert saldering i årsbudsjett eller økonomiplanen for å oppnå balanse, er ikkje det tilstrekkeleg for å unngå innmelding i ROBEK.

Innsparingar/utgiftsreduksjonar for å oppnå balanse i økonomiplan eller budsjett, må bli konkretisert og vedteke på dei einskilde tenesteområda.

Inndekking av meirforbruk

Vedtek kommunestyret at meirforbruk i årsrekneskapen skal dekkast inn over fleire enn to år, skal kommunen registrerast i ROBEK. Dette gjeld også om budsjett eller økonomiplan viser inndekking over meir enn to år.

Meirforbruk større enn tre prosent av driftsinntektene

Kommunen skal meldast inn i ROBEK når samla meirforbruk frå driftsrekneskapen er større enn tre prosent av driftsinntektene. Med driftsinntekter meinast *sum brutto driftsinntekter*, post 9 i økonomisk oversikt drift etter budsjett- og regnskapsforskrifta §5-6.

Fristar ikkje overhalde

Økonomiplanen og årsbudsjett skal vedtakast før årskiftet jf. kommunelova § 14-3 første ledd. Det inneber at vedtak seinast kan fattast 31. desember.

Årsrekneskap og årsberetning skal vedtakast seinast seks månadar etter rekneskapsårets slutt jf. kommunelova § 14-3 andre ledd, altså seinast 30. juni.

Kommunar som ikkje gjer vedtak innan fristane blir meldt inn på ROBEK.

Utmelding av ROBEK

Kommunen blir meldt ut av ROBEK når alle kriteria for innmelding ikkje lenger er oppfylt. Dette følger av kommunelova § 28-5. Statsforvaltaren melder frå til departementet når kommunen skal meldast ut.

13.3 Tiltaksplan

Kommunestyret skal fastsette ein tiltaksplan som sikrar at økonomien kjem i balanse jf. kommunelova § 28-4 andre ledd. For kommunar som er meldt inn i ROBEK etter kommunelova § 28-1 bokstav a, b, e eller g, må tiltaksplanen vere vedtatt innan 30. juni. For innmelding etter § 28-1 bokstav c, d eller f er fristen 31. desember. Tiltaksplanen skal sendast til Statsforvaltaren til orientering. Denne må angi år for inndekking, vise kor mykje av meirforbruket som skal dekkast per år skal vere konkret på tiltaksnivå.

13.4 Kontroll med årsbudsjett og låneopptak

Statsforvaltaren skal kontrollere om årsbudsjettet er realistisk og i balanse, jf. Kommunelova § 14-4 første ledd, og elles at andre krav er oppfylt.

Kommunar på ROBEK må få godkjenning til å ta opp lån jf. kommunelova § 28-3. Statsforvaltaren gjer dette ved å godkjenne ei ramme for låneopptaket. Vi kan også sette krav til kva lånet skal nyttast til. Deltek ein ROBEK-kommune i interkommunale selskap, skal låneopptak i selskapet godkjennast.

Ein ROBEK-kommune kan ikkje inngå leigekontraktar om varige driftsmidlar utover dei fire neste budsjettåra. Slike leigeavtalar må godkjennast av Statsforvaltaren.

14. Klimabudsjett – klimarekneskap

Dei fleste kommunane i Møre og Romsdal har sett klimaspørsmål på dagsorden. Per juni 2025 er det ni kommunar som ikkje har klimabudsjett. Vi oppmodar alle til å planlegge for å ta inn klimabudsjett som del av budsjettarbeidet til hausten.

Tabell 17 – Oversikt over klimabudsjett

Kommune	2023	2024	2025	2026
Kristiansund	ja	ja	ja	ja
Molde	ja	ja	ja	ja
Ålesund	ja	ja	ja	ja
Vanylven	ja	ja	ja	ja
Ulstein	nei	ja	ja	ja
Ørsta	nei	ja	ja	ja
Sykkylven	nei	nei	ja	ja
Giske	nei	ja	ja	ja
Vestnes	ja	ja	ja	ja
Rauma	ja	ja	ja	ja
Averøy	ja	ja	ja	ja
Tingvoll	nei	ja	ja	ja
Sunndal	ja	ja	ja	ja
Volda	nei	ja	ja	ja
Fjord	ja	nei	ja	ja
Hustadvika	nei	ja	ja	ja
Sande	nei	nei	nei	ja
Herøy	ja	ja	ja	nei
Aukra	nei	ja	ja	nei
Hareid	nei	nei	nei	nei
Stranda	nei	nei	nei	nei
Sula	nei	nei	nei	nei
Gjemnes	nei	nei	nei	nei
Surnadal	ja	nei	nei	nei
Smøla	nei	nei	nei	nei
Aure	nei	nei	nei	nei
Haram	-	nei	nei	nei

Aktuell statistikk og informasjon som kan vere nyttig i

kommunens arbeid med klimarekneskap:

Fylkeskommunen har i samarbeid med statsforvaltaren fått laga ei [handbok](#) med [tilhøyrande mal](#) som kommunane kan bruke når dei skal lage klimabudsjett. Målet er at desse to skal forenkle arbeidet for kommunane.

KS har utvikla eit [styringsverktøy for klimabudsjett](#) for kommunar.

Miljødirektoratet har oversikt over utslepp av klimagassar på kommunenivå.

På SSB.no finn de [utvalde nøkkeltal for klima og energi](#)

15. Eigarstyring - eigarskapsmelding

Kommunar skal utarbeide eigarskapsmelding minst ein gong i kvar valperiode. Det er kommunestyret som skal vedta den jf. kommunelova § 26-1. Eigarstyring er ei sentral oppgåve for dei folkevalde og lova gir ikkje høve til å delegere dette ansvaret til andre. Kravet om eigarskapsmelding kom inn i kommunelova i 2018.

Krav til innhald i eigarskapsmeldinga


Lova stiller krav til innhald til eigarskapsmelding. Dette er minimumskrava:

- Prinsippet for eigarstyringa
- Oversikt over selskap, føretak og verksemder med kommunale eigarinteresser
- Målet med eigarinteressene

Det vil vere ein fordel om meldinga inneheld opplysningar om verksemda oppfyller hensikta etter føremålet med kommunens engasjement.

Kommunale eigarskap kan vere:

- Aksjeselskap (AS) - aksjeselskapslova
- Samvirkeføretak - samvirkelova
- Interkommunale selskap (IKS) - IKS-lova
- Kommunale føretak jf. kommunelova kapittel 9
- Kommunale samarbeid
 - Oppgåvefellesskap jf. kommunelova kapittel 19
 - Vertskommunesamarbeid jf. kommunelova kapittel 20



Figur 26 - Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap

Kjelde: <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

Eigarskapsmeldinga bør utarbeidast på ein slik måte at kommunestyret kan utøve sitt eigarskap på ein hensiktsmessig måte. Den kan seie noko om korleis eigarskapet skal følgjast opp i representantskap eller generalforsamling, eigarskapsmøter og informasjon/rapportering til kommunestyret.

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir ført kontroll med kommunens eigarinteresser (eigarskapskontroll) jf. kommunelova §§ 23-2 og 23-4. Revisjonen har også ei oppgåve i eigarskapskontrollen jf. kommunelova § 24-2.

KS Folkevalgtprogram har laga Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll, som kan vere nyttig for å tileigne seg meir kunnskap om kommunale eigarskap.

Kjelder

Regjeringa:

- Kommuneproposisjonen 2027 [Prop. 142 S \(2024–2025\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no/prop142S)
- Regjeringen.no: Nasjonal strategi for ein grøn, sirkulær økonomi: <https://www.regjeringen.no/contentassets/f6c799ac7c474e5b8f561d1e72d474da/t-1573n.pdf>
- Rapport frå *Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi*: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rapport-med-notater-fra-teknisk-beregningsutvalg-for-kommunal-og-fylkeskommunal-okonomi/id3151161/>

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal og Møre og Romsdal fylkeskommune:

- Handbok for klimabudsjett: [Klimabudsjettering steg for steg \(statsforvalteren.no\)](https://www.statsforvalteren.no/klimabudsjettering-steg-for-steg)
- Mal for klimabudsjett: [klimabudsjettmal-002.docx \(live.com\)](https://www.statsforvalteren.no/klimabudsjettmal-002.docx)

Andre:

- Norges Bank: [Pengepolitisk rapport 2/2026](https://www.norges-bank.no/pengepolitisk-rapport-2026)
- SSB, Statistikkbanken: <https://www.ssb.no/statbank/>
- KS: Anbefalinger om eierskap. Selskapsledelse og kontroll: <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>
- KS: Veileder for klimabudsjett som styringsverktøy: <https://www.ks.no/fagomrader/samfunnsutvikling/klima/veileder-for-klimabudsjett/>
- Integrerings- og mangfaldsdirektoratet: [Bosettingstall | IMDi](https://www.imdi.no/bosettingstall)
- Statsforvaltaren i Troms og Finnmark: <https://www.statsforvalteren.no/siteassets/fm-troms-og-finnmark/kommunal-styring/veiledningsnotat---bedre-kobling-mellom-samfunnsplan-og-okonomiplan2.pdf>
- Fiskeridirektoratet – Havbruksfondet: [havbruksfondet-beregning-utbetaling-2025-til-publisering.xlsx](https://www.fiskeridir.no/havbruksfondet-beregning-utbetaling-2025-til-publisering.xlsx)
- Miljødirektoratet – Klimagassregnskap for kommunar: <https://www.miljodirektoratet.no/ansvarsomrader/klima/klimagasser-utslippstall-regnskap/klimagassregnskap-for-kommuner-og-fylker/>
- DFØ: <https://anskaffelser.no/>
- Leverandørutviklingsprogrammet: <https://innovativeanskaffelser.no/>

Tabellar

Tabell 1 – Folketal per kommune i Møre og Romsdal og endring 2020-2026	8
Tabell 2 – Skjematisk oppstilling utrekning av netto driftsresultat	16
Tabell 3 – Inntekter, utgifter og lånegjeld per innbygger – 2025	20
Tabell 4 – Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	24
Tabell 5 – Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter, per kommune 2022-2025	27
Tabell 6 – Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2022-2025, kjelde: SSB tabell 12143	30
Tabell 7 – Netto renteeksponert gjeld	32
Tabell 8 – Renteeksponert gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	33
Tabell 9 – Avdrag i prosent av brutto driftsinntekter	36
Tabell 10 – Arbeidskapital utan premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter 2022-2025	37
Tabell 11 – Oversikt over eigedomsskatt i kommunane i 2025	39
Tabell 12 – Utbetalningar frå Havbruksfondet	40
Tabell 13 – Fordeling av ordinært skjønstilskot til kommunane i 2025	48
Tabell 14 – Tal på prosjekt 2021-2026	49
Tabell 15 – Tildeling prosjektskjønn 2026	49
Tabell 16 – Kriteria for registrering på ROBEK	53
Tabell 17 – Oversikt over klimabudsjett	56

Figurar

Figur 1 – Illustrasjon av FN's tre berekraftsdimensjonar og berekraftsmål	6
Figur 2 – Aldersbæreevne per kommune i Møre og Romsdal ved inngangen til 2025 (kjeldetabell 07459)	9
Figur 3 – Illustrasjon av det kommunale plansystemet med 4-årshjul og 1-årshjul (Asplan Viak)	12
Figur 4 – Kart over planstatus kommunal planstrategi pr. juni 2025	13
Figur 5 Kart over planstatus kommuneplanens samfunnsdel pr. juni 2025	13
Figur 6 – Brutto driftsutgifter til kommunale tenesteområde i prosent av totale brutto driftsutgifter	17
Figur 7 – Fordeling av kommunane sine frie inntekter i 2025.	18
Figur 8 – Differanse mellom driftsinntekter og -utgifter per innbygger i 2025	19
Figur 9 – Tiltaksstrappa - økonomisk balanse	21
Figur 10 – Kart over kommunar som viser positivt og negativt netto driftsresultat, 2025	22
Figur 11 – Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter, kjeldetabell 12134	23
Figur 12 – Netto driftsresultat og disposisjonsfond 2014-2025, henta frå Kommuneproposisjonen 2027	25
Figur 13 – Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter i 2025	26
Figur 14 – Utvikling i netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter 2017–2025	28
Figur 15 – Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	29
Figur 16 – Kommunane si langsiktige gjeld og renteeksponering i 2015–2025 i prosent av driftsinntektene	31
Figur 17 – Utviklinga i styringsrenta 2006–2026 (Norges bank, etter rentemøte 17. juni 2026)	35
Figur 18 – Netto driftsutgifter barn i barnehagar per innbygger 1-5 år i 2025	41
Figur 19 – Netto driftsutgifter til grunnskolesektoren per innbygger 6-15 år i 2025	42
Figur 20 – Utgifter kommunale helse- og omsorgstenester per innbygger i 2025	43
Figur 21 – Utgifter per oppholdsdøgn i institusjon, 2025	44
Figur 22 – Fordeling, heimetenester og institusjonsplass, andel 80 år og eldre, 2025	45
Figur 23 – Fordeling av skjønnspotten 2026	47
Figur 24 – Kart over kommunar utmeldt og på ROBEK siste året per 3. juni 2026	52
Figur 25 – Oppføring på ROBEK 2001–2025, i Møre og Romsdal og landet	52
Figur 26 – Alternative organisasjonsmodellar av kommunale eigarskap	58

